Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 — Fylke: Sogn &. Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Nord-Vaagsöy

Emne: Brynet — Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. O. Kvalheim — Gard:

(adresse): Raudeberg — G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Sumt er av eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Berre nokre av desse er nemde. Adressen deira er Raudeberg

– = lang vokal ŋ = pallatal l nj = pallatal n

SVAR

1. Me segjer her et bryne, fleire bryne, send meg dissa brynaa!, og aa bryne ljaaen, og har (hadde) brynt ljaaen. Ein ljaa, fleire ljaa, dissa ljaanna. Hein segjer me helst um smaa bryne, ein hein, fleire heinna, send meg dissa heinnanje. Ei-ljoden i artikkelen ein, et og hein = e-ljoden i pels (skinn). Um smaa hus-verkty segjer me oftast heinnje, mindre aa bryne deim. Skoknivar gnikast helst att og fram paa hein.

2. No brukast vist berre smergelbryne, støypte, Kunststein. Før smergelbryne kom i bruk, bruktes natursteinbryne, som ein fekk kjøpa av landhandlarne, men det er vel uvisst kvar dei kom ifraa. I siste halvdel av det 1900-aar veit vi um at her var minst 3 mann, som „dreiv" ut bryne av steinarter her fraa øyi, og too av deim dreiv handel med bryne, og den eine brukte aa sage brynaa til med gamle sagblad; = Anders Jakobsen Koien, Vedvik +91 aar gaml 1945. Erik Halls lagde til eige bruk +87 – – – 1928. Knut Hansen Televik (Tellevik) dreiv mest med brynehandel. Det gjekk fyre seg med beinvegjes tinging og umsetnad. Steinarten var ein slags hard, brunagtig

351

jarnhaldig utrein talkum, Klebbarstein,
som her finst fleire stadar. Brynaa har
ikkje noko daarlegt rykte etter seg.
Ellers har det nok vore fleire som har drive
med ein slik bryneutvinning til sjølv-
bruk. Ein 78 år gml. mann, Sivert O. Vedvik, kan
hugse ein avdøydd mann, som hadde
4 tynsla ljaa med hamar. Men det var berre
når ljaai var nye, til aa faa eggja fram,
og der vilde verte skarv i eggji, seinare slipte dei.
Men tyskarne no under krigen
kunne fortelje, at dei brukar det
dernede enddaa. Her kan difyr ikkje
seggjast noko meir um tynning, enn dette tilfelle.
5 Me veit um ein gardbrukar, Amund R.
Sletteberg, i Halbøysbygda, og som døydde 1900, 90
aar gml.. Han brukte „sande", som dei
gamle her kallar, sendestein. Ei 90-aar
gamal kvinne fraa Raudfjelle i Davik
herred, fortel at faren hennar brukte
sande. Steinen var noko tilkoerst nede,
der den vart driven ned i marka. Dei
tok den med til utslaattane, men tok
den vist ikkje med seg heim før dei var
ferdug med slaatten paa ein slik teig.
Ein 90-aarig mann segjer, han har sett
ein slik stein, men kan ikkje hugse att
plassen. Nokon trur at „sande" vart brukt
til dei fekk den noverande cirkel-
runde slipestein med sveiv i. Den
noverande slipestein brukar ein aldrig
aa flytte fraa uttuni. Kor gamal
skikken med sande har vore kan ingjen
segje noko um. (Svar 9. Sume stikk stelorv-
skaftet ned med belte, kvis dei har slikt. Sjeld-
nare set dei det ned med bukselningen.)

351
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2 3

6. Det er högst forskjellig, ettersom det er steinut, turr og harbett mark, eller slett, fuktig og godt bet i grasrota.
Det er harbeitt, her er harbeitt, segjer vi um ei slaattemark, som teke bete snart av ljaaen, bete = kvasheita i eggja, evnen til aa skjera grase lett. (Um ljaaen: han bite gott! han bit ikkje.) Men vi segjer og um ein slaatteteig: „her er gott bet!" Ljaagodheita, og slaattemennesket sin fagdygtighet har og mykje aa segja paa tidi millom kvar slipesteinkvetjing. Det ser ut til, at ein med smergelbrynaa no greidar seg lenger, soleis no.
7. Trebryne veit ingjen noko segn um. Det er ein del som tykkjest ha prövt seg fram med tvo slags bryne, men det er sjilden, og noko jamn og sikker bruks-erfaring er det lite aa lite paa, eller höyre um. Ljaaná vert altid slipt paa sveivstein, för slaaing.
8. Det er jamnast ein ikkje net modelaus og ovigtig sak aa faa ljaaen til aa sitja fast, med den rette vinkelen til orvet for aa bita godt, so hvis ein slaattekar vilde finna paa aa löysa ljaaen av orvet naar han skulde slipe paa sveivestein, eller med bryne, maatte ein ta det som det sikraste maat paa, at mannen var toppmaalt sinnsforvirra. Slipar ein paa slipe-stein, held ein altid eggja mot seg.
9. Högre fot kastas fram og i kryss med vinstre fot ovanfyr vinstre kne, so baae fotblad styd segi marki, men tyngdi mest paa vinstre.
(E: 70-år gml. kvinne hugsar at mor pennar bar bryne) frammanfor segi eit ledbelte.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Enden av orvet stikk ein so nedmed inn=
sida av vinstre laar, til orvenden kjem
i feste attum innsida av högre laar.
So legg ein vinstre arm lang ljaabladet
paa ūtsida av dette, so vinstre tom=
=melfingar styd mot ljaaodden paa
innsida av ljaaodden og dei andre fingr=
=rane paa vinstrehandi ligg paa den andre
eller ytre sida av odden, eller det fremste av
ljaaen. Ljaafestet paa orvet kviler so
laūsleg inn i armakrekjen (krokjen)
helst ūtanfor heraledjet. So har ein
bryne i högre hand. Sūme brūkar so,
eller har det lag, at dei nesten ūnder
heile brynisgji altid dreg, eller skūvar
brynet i rett vinkel paa eggja. Andre
före bryne at og fram mykje, og helst,
slik at bryne fer langs eggja, paa langs
av eggja. Ettersom ein brūkar brynet
paa den indre eller ytre side av ljaabladet
styd ein mot, henholdsvis med dei
fire ytre venstrehandsfingrar, eller tom=
melfingeren. Ved bryning av langorv, vert
det ūmlag same framferdi, men ein
krystkastar ikkje föterne ūm langorvet,
idi det vert set ned i marki noko til
högre for föterne, ettersom orvet fell
langt eller kort for brūkaren.
10. Brynekolljeng, brynepösenq er vel dei
namn som her vert mest brūkt. Brynedonk
- bytte - būtt, kan hende treffe til
og, ettersom der brūkast bytte av jarn
eller tre, og jarndūnkar. Ellers er her vel
vanleg so vaatt i graset av regn og dogg,

351

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

at brynekjerald med vatn er ikkje i mykje
bruk. Førnemnde Sivert O. Vedvik, hugsar og ein
gamal mann, som bar bryneslire av tre
i belte paa högre hoft. I slira var vatn, og
ho var laga av tvo trestykkje, som var ban-
da saman med rondgåande treband, uppe og nere.
~~eller stokje til~~. Men det har vore brukt
aa skjefte avslegne eller korte bryne med
ku- eller bukkehorn. Naar ein heta hornet,
mjukna og vida det seg ut, og skrokk og
kneipst saman um brynet når det kolna.
13. Det er vanleg aa fugte alle bryne-
slag, knip det um friluftsvati, spyttar
ein paa det. Men olje eller kjere har
ikkje vore brukt her. Ellers tek dei det visst
mindre nöie med aa væte smergelbrynaa enn
skjiferbrynå för

14. 15. Kvatgor (Slipegor), kallar vi slipestein- (vaatt) og brynemjöl, (Slipestingor)
a-ljoden lik a i kalv, o-ljoden lik o i steinkol. Gor,
segjer me og um den tynne mökasupa inne
i tarmarne til husdyr, og andre dyr og, med
same vokalljod i o. I Davik herred har eg höyrt
brynegot, same o-ljod, men det heiter sildegot
eller berre got, um (helst) rogn og melke av sild og
fisk, baade för, og etter at sildi har gote det fraa
seg i sjöen, (naar det flyt i baat og farty f. eks.)
Kvatgore har vore brukt oblanda mot orme-
=bit, baade for folk og dyr, og med god verkning.
For i fugtig stand blir det vel etslags leirumslag,
som naturlækjarane brukar so mykje til umslag
fyr trote. Men det vart og brukt paa ljaahogg i fingrar,
og vel liknande andre saar. Er dette ei roynd frå
slaattelivet i slaattemarki kanskje, naar kvatgore
hendelsesvis kom i hoggsår? Men kvatgoret vart og
brukt til aa sverte skosolane i kantarne,
istadenfor fikt- jernoksyd, men vilde ikkje vare.
(Kvatgore vart og brukt til aa pusse messing o. l. med.)

351

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

langji, fargen kvarv snart. Mot ormebet paa kjyr har det vore brukt millom 1920 – 30.

17. Gamle folk veit um aa leggje bryne, eller slipesteinar i Smalegarane, i jorda, eller bruke eddike paa deim, for aa faa deim mjukare eller lausare, naar dei fann deim for harde. En smalegare, er der sauden staar om vintren i fjöset, med remma = grindar rundt seg. Her brukast ikkje namnet Flor, berre, Fjös, der kjyr og smalen er, fjösen, en fjös fleire fjösa. Saud, fleire saude, dissa sauden.

18. „Brynesnakk" er det vist ikkje raad aa finne noko um her, eller um dei har, eller hadde noko ordtak naar dei spytta paa brynet. Eirik Eirikson Bakken, Vedvik döydde 91 aar gml. 1908. Han fortalde, at far hans brukte sande. Dei trur aa ha funne denne steinen. Den var ca. 6 tom. tjukk, og ca. 1 aln lang, av Klebbarstein som nemd för, vog ca. 70 kg., og maa ha stade paa eit underlag. Den var mykje nedsleten ⌣, men no er steinen burtkomen. „Gaa aa sande ljaaen," sa dei daa, no heite det: „gaa aa slipe ljaaen". Ei sande, sandesteinen sa dei og. Hans Hansen Salt, Selje herred, + 72 år gml. 1885. Han brukte sande, men dei var mindre, og meir enn ein stein. Smed Klaus Berge, no 80 aar, hugsar bruk av sande paa Moldestad i Selje Herred. Den var ca. 4 tom. tjukk, av storleik som ein noverande alm. halv slipestein, og truleg same steinsort. Paa snikkarverkstader brukast no eit flatt kunst=bryne, ei side grov, den andre finare, og ligg ofte i ei lita trekasse, fyr stödleik. Höveltenner og finare bit=jarn vert so förd att og fram, slipt paa denne steinen. Fyr större eggjaskade vert desse helst kvest på stein med svein. Rakekniv brukast å förast att og fram paa ein liten fin reim. Men rakehövlar er mykje brukt.

351
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

351